



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 6. juni 2018

Sak

2018/0127 Førde Internasjonale Folkemusikkfestival – org. nr. 971 364 874 - klage over avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon

Til stades: Leiar Elisabeth Wittemann, medlem Åse Gustavsen og medlem Ingjald Sørhøy

Bakgrunn for saka

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival (klagar) søkte 1. september 2017 om kompensasjon for meirverdiavgiftskostnader for rekneskapsåret 2016.

Lotteritilsynet gjorde vedtak om avslag 14. november 2017, med grunngjeving om at verksemda har tilknytning til det offentlege ved at majoriteten av styremedlemmene vert oppnemnd av det offentlege. Dette er i strid med forskrift om merverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar § 5 fjerde ledd bokstav a.

Klagar klaga på vedtaket 5. desember 2017. Klagar meiner at dei fell inn under ordninga om meirverdiavgiftskompensasjon. Klagar gjer greie for at kommunen som vel ein representant til styret, ikkje fritt kan velje styremedlem, men må velje mellom dei kandidatane som dei frivillige organisasjonane foreslår. Dette vert gjort nettopp for å sikre at det frivillige musikklivet i organisasjonane har den reelle majoriteten i styret, og for å syte for engasjement og oppslutnad om festivalen frå det frivillige musikklivet. Det vert elles vist til klagen i sin heilhet.

Lotteritilsynet har ikkje funnet grunn til å gjere om vedtaket sitt. Klagen med innstilling frå Lotteritilsynet 16. mars 2018 vart sendt til Lotterinemnda for behandling.

Det rettslege grunnlaget

Det rettslege grunnlaget er forskrift 15. april 2013 nr. 386 om merverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar.

Etter forskrifta § 5 fjerde ledd går det fram at «Det gis ikkje kompensasjon for merverdiavgiftskostnader i følgjande virksamheter: a) virksomhet som er organisert av det offentlege og eller har en direkte eller indirekte tilknytning til det offentlege gjennom at stat, fylkeskommune eller kommune kan påvirke deler av virksomheten for eksempel ved innsettelse av styremedlemmer eller har muligheter til å legge sterke føringer for virksomheten på annen måte».

Postadresse

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

Kulturdepartementet har i brev 12. mai 2011 til Lotteri- og stiftelsestilsynet og Lotterinemnda understreka at intensjonen bak begrensninga i forskrifta § 5 fjerde ledd (tidlegare tredje ledd), er at organisasjonar der det offentlege har ei sterk grad av involvering, fell utanfor ordninga. Med sterk grad tydar til dømes at majoriteten av styremedlemmar vert oppnemnd av det offentlege, eller at det offentlege legg sterke føringar for drifta.

Etter forvaltningslova § 34 kan klageinstansen prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysningar. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Lotterinemnda si vurdering

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival sin klage gjeld Lotteritilsynet sitt avslag 14. november 2017 på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon.

I vedtektene til Førde Internasjonale Folkemusikkfestival § 4 går det fram at styret består av til saman sju medlemmer, der fire styremedlemmer vert vald av det offentlege. Tre av desse vert valde av Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Eit styremedlem vert vald av Førde kommune, blant fire kandidatar som vert foreslått av utøvarorganisasjonane. Dei resterande tre styremedlemmene vert valde av representantskapet i verksemda.

Etter Lotterinemndas syn følgjer det direkte av vedtektene § 4 at majoriteten av styremedlemmene oppnamnas av det offentlege. Dette gjeld sjølv om Førde kommune må velje sin kandidat blant fire personer som er foreslått av utøvarorganisasjonane. Etter nemndas syn er det moglegheita til å velje medlemmer til styret som er avgjerande ved vurderinga, jf. Kulturdepartementets brev 12. mai 2011.

Konklusjon

Lotterinemnda finn etter ein konkret vurdering av sakens opplysningar at tilsynet sitt vedtak skal oppretthaldast.

Vedtak

Klagen vert ikkje teken til fylgje.

Dokumentet er godkjent elektronisk